

# Vil synleggjere Jøl bru

**Gamle Jøl bru i Hjelledalen utgjer i dag ein slags halvsirkel. No kan sirkelen bli fullført ved å bygge ei ny gangbru over gjelet.**

Ove Sveen  
ove.sveen@fjordingen.no

Tiltakshavar er Statens vegvesen og Vegdirektoratet, og det er 3RW-Arkitekter i Bergen som har utforma planane. Bakgrunnen er ønskje om nytt utsiktspunkt og oppgradering av eksisterande parkeringsplass på Jøl bru.

## Ny stålkonstruksjon

Planen er at ein ny stålkonstruksjon skal spennast over juvet som ei forlenging av eksisterande halvsirkel. Sirkelformen vil gje besøkande ei spennande oppleving av juvet og den gamle brua. Gangbrua vil også gje ei effektiv og universell tilgjengeleg løysing for besøkande, hevdar arkitektane. Det er kome inn lokale merknader til rammetilråttelsen, og Stryn kommune har no sendt planane til miljøvern-avdelinga hos fylkesmannen då det ikkje ligg føre reguleringsplan knytta til tiltaket.

– Vi ventar uttalelse i løpet av ein månad, og då ligg det vel til rette for kommunal handsaming like etter ferien, seier saks- handsamar Borghild Guddal i Stryn kommune.

## -Er nesten gløymt

Sixten Rahlff i 3RW Arkitekter opplyser at firmaet har mange spennande oppdrag knytta til nasjonale turistvegar.

– Det er laga mange utsiktspunkt og stoppestader. Problemet i dag er at punktet ved Jøl bru nesten er gløymt. Folk kjører rett og slett forbi uvitande om kva som her er bygt opp. Det dreier seg om ei gammal



Turistattraksjonen Jøl bru slik 3 RW Arkitekter tenkjer seg han.



Jøl bru i Hjelledalen, eit unikt byggverk.

bru der avstanden ned i gjelet til fossen er 60 meter. Spennet over jølet er litt over 30 meter. Her er fantastisk utsyn. Med ei stålbru vil ein kunne studere oppbygginga av gamle Jøl bru reit i front.

– Er det ikkje fare for at kulturnettet vert tilkludra med ei

ny stålbru?

– Tiltaket vert så minimalt som mogeleg og står i klar kontrast til steinbrua. Vi skal gjere dette til ein attraktiv stoppestad, seier Rahlff.

## -Neppe toalett

– Er det rekna på kostnader, og



Slik tek nyevegen og gamlevegen seg ut over Jøl bru i dag.

når kan tiltaket bli gjennomført?

– Vi har ikkje kalkyle no. Det skal ut på anbod. Håpet er å få det gjennomført i 2014 og 2015.

– No er det kome innspel frå grunneigarar knytta til toalettbehov og beitedyr. Kommentar?

– Eg har lita tru på at der

kjem toalett. Når det gjeld faren for beitedyra, må det klart leggjast til rette med ferist mot parkeringa.

– Andre omsyn som må takast?

– Her må det gå klart fram kva som er gammal og ny bru. Gamlebrua er nok litt øydelagt av nyevegen, seier Rahlff.

## -Må ta viktige omsyn

**Grunneigarane på Skåre er opptekne av at det vert teke omsyn til beitedyr og eventuell forureining.**

Grunneigarane Geir Skåre, Birger Skåre og Sonja S. Esperød fryktar at utsikts- og parkeringsplassen i verste fall kan bli ein dyrefelle der beitedyr kan bli skremt ned i jølet. Dei fryktar

også forureining på grunn av manglande toalett.

## -Dårleg erfaring

– Vi har dårleg erfaring med til dømes sauer og rasteplassar.

Mange gjev mat til sauene, noko som gjer at dyra søkjer til slike plassar. Dette er lite ønskjeleg ut ifrå dyrevelferd, meiner dei. Med omsyn til forureining, er nangel på toalett eit aukande

problem i turistområde. Tilfredsstillande toalettforhold og søppelhandtering blir heilt nødvendig ved det nye utsiktspunktet, hevdar grunneigarane.

## -Må bli flinkare

**-Vi må bli flinkare til å utnytte statusen som nasjonalparkkommune.**

Ove Sveen  
ove.sveen@fjordingen.no

Det sa Jon Olav Kvamme (Sp) på siste formannskapsmøtet i Stryn. Formannskapet støtta då Rådet for Nasjonalparkkommunar sitt strategidokument og handlingsplan. Også ordførar Sven Flo var samd

med Kvamme at Stryn burde vere med i Rådet for å markere seg.

I saksvurderinga gjorde saks- handsamar Odd Rønningen det klart at Stryn kommune i stor grad er bevisst sin rolle som aktør i reiselivet, men mindre bevisst sitt potensiale som nasjonalparkkommune. Med basis i dei verna områda, kan det opne nye mulegheiter for inntektsgrunnlag, skriv Rønningen.

## Vil tilsetje prosjektingeniør

**Trass i sterke kutt i kommuneøkonomien, ser Stryn kommune seg tvinga til å tilsetje prosjektingeniør ved avdeling for kommunalteknikk.**

Ove Sveen  
ove.sveen@fjordingen.no

Ein ny fast stillingsheimel må

til for å løyse dei mange oppgåvene, meiner eit samrøystes formannskap. Saka skal til kommunestyret i morgon.

## -Blir belasta prosjekta

Rådmann Per Kristian Storevik poengterte at stillinga skulle finansierast gjennom prosjektmidlar og at ho såleis ikkje belasta budsjettet.

– Stillinga er sjølvfinansierande, og skal Stryn vekse, må vi

gjere det som trengst i teknisk sektor, understreka Odd Kåre Hjelmeland (H) i formannskapet.

Per Kjøllesdal (Sp) spurde kva stillinga skulle brukast til om ein ikkje hadde prosjekt i kommunalteknikk å jobbe med.

– Framtida kjenner ingen, men vi har nok historisk hatt fleire prosjekt enn vi har evna å gjennomføre. Vi har også store etterslep, sa rådmannen.